



Avdeling for lærarutdanning og idrett

## Rapport om

*Barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*





# Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	4
1.1 Fagleg tilnærming til barnehagen som lærande organisasjon .....	4
1.2 Samarbeid på fylkesnivå.....	5
1.3 Utdanningsdirektoratet skriv i tildelingsbrevet.....	6
<b>2. Type utdanningar som er inkludert i pilotprosjektet og tal studentar totalt i avtaleperioden</b> .....	6
<b>3. Namn på kommunane som har delteke i prosjektet</b> .....	7
<b>4. Samarbeidet mellom HiSF og Sogn regionråd</b> .....	7
4.1 Kven er med i fagnettverka .....	8
4.2 Erfaringar og synspunkt frå dei fagtilsette ved HiSF .....	10
4.2 Erfaringar frå arbeidsgruppa i Sogn regionråd sitt fagnettverk for barnehage .....	12
<b>5. Aktivitetar i Nordfjord</b> .....	14
5.1 Mentorordning i KOMPASS .....	14
5.2 Om rettleiing i styrarutdanninga .....	15
5.3 Pedagogisk rettleiing og mentoring .....	16
<b>6. Aktivitetar i Sunnfjord og HAFS</b> .....	16
6.1 Samarbeid om praksiskandidatar som ynskjer å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar..	16
<b>7. Utvikling av ordninga med høgskulebarnehagar</b> .....	19
7.1 Eigne høgskulebarnehagar .....	19
7.2 Rettleiingskompetansen i barnehagelærerutdanninga ved HiSF .....	24
<b>8. Oppsummering</b> .....	24

VEDLEGG




# 1. Innleiing

I juni 2013 sende Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) søknad om å få setje i gang pilotprosjektet *Utviklinga av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*. I søknaden står det ma: HiSF har eit breitt utbygd fagmiljø for forskning og undervisning om barnehagar og skular som lærande organisasjonar. Verksemdbasert kompetanseheving har vore eit av dei sentrale kvalitetssatsingsområda vi har vektlagt både i samhandling med kommunane i vår landsdel, i grunn- og vidareutdanning for barnehagelærarar og i leiarutdanning på mastergradnivå innretta mot barnehage og skule. HiSF er også, etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, pilot for den nye barnehagelærarutdanninga. Institutt for førskulelærarutdanninga har eit formelt og godt samarbeid med alle høgskulane på Vestlandet gjennom UHNettVest-samarbeidet.

## 1.1 Fagleg tilnærming til barnehagen som lærande organisasjon


I Stortingsmelding 24 *Framtidens barnehage* blir det lagt stor vekt på kvalitet, og kunnskap om kvalitet i barnehagen. Nokre barnehagar er individuelt orienterte og fortidsretta, andre er kollektivt orienterte og fortidsretta, medan mange er utviklingsorienterte, kollektivt orienterte og framtidretta.

Vi har denne forståinga som eit bakteppe når vi saman med kommunane og barnehageeigarane freistar å utvikle barnehagane som lærande organisasjonar. Først må vi vite kvar dei står, dinest må vi vite korleis vi arbeidar vidare. Den gode resultat kvaliteten kjem som følgje av både strukturkvalitet og prosesskvalitet, slik det går fram av Stortingsmelding 24:



### Lærande organisasjon

Når vi er tett på skulane og barnehagane i fylket, når vi ser arbeidsmetodikk, strategiar og målsetjingar og tiltak på dei spesielt gode barnehagane og gode skulane – då ser vi eit anna mønster enn "berre" struktur-, prosess- og resultatkvalitet. Vi ser denne modellen, fig 1.1:



Figur 1.1 "Ledestjerna" for lærande organisasjon. Den raude sirkelen indikerar hovudinnsatsområda for å byggje barnehagane som lærande organisasjonar( Claus Røynesdal, 2013)


## 1.2 Samarbeid på fylkesnivå

Høgskulen i Sogn og Fjordane har ein lang tradisjon med samarbeid med barnehagane, eigarane og leiinga i barnehagane. Høgskulen er ein aktiv deltakar i Forum for barnehage- og skuleutvikling. Forum er eit formalisert samarbeid mellom dei skule- og barnehagefagleg ansvarlege i dei fire regionane i fylket, fylkeskommunen, representantar frå rådmannsutvalet, Utdanningsforbundet, Skoleleiarforbundet, KS og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Saman med Fylkesmannen planlegg - og gjennomfører vi til dømes Styrarkonferansen, for alle styrarane i fylket, og Barnehagekonferansen, for alle tilsette i barnehagane i fylket.

HiSF har drøfta denne pilotsøknaden med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, KS, Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Alle partane ser nytten av eit slikt prosjekt og vil vere støttespelarar og pådrivarar. HiSF har og fått oversendt kommunane/regionane sine søknader om kompetansmidlar frå Fylkesmannen. Desse dannar eit godt grunnlag når vi skal gå inn i samarbeidet i kommunane/regionane. HiSF har og delteke på seminar med tema kommunen som barnehagemyndigheit «Eit kompetanseløft for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit».

Vi veit at alle barnehagar ikkje utviklar seg til å bli lærande organisasjonar av seg sjølve. Vi må byggje strukturar; lokale, regionale og fylkesfemnande møtearenaer der vi saman med aktørane i barnehagesektoren kan diskutere oss fram til samarbeid som fører til utvikling mot lærande organisasjonar. Høgskulen deltek aktivt i arbeidet med å byggje dei positive utviklingskulturane. Vi er aktive deltakarar i utviklingsprosessane, spesielt på regionalt nivå – i nært samarbeid med eigarane.

HiSF ser på dette prosjektet som ei god mulegheit for å utvikle nye tiltak, men og kunne bruke eksisterande samarbeid og studietilbod til å skape noko nytt.



### 1.3 Utdanningsdirektoratet skriv i tildelingsbrevet

*Utdanningsdirektoratet vurderer at tilbudet fra HiSF har **god relevans** i forhold til Utdanningsdirektoratets kunnskapsbehov når det gjelder utvikling av **barnehagen som lærende organisasjon**, samt hvordan kunnskap- og kompetanseheving for **alle grupper ansatte** i barnehagen kan utvikles og igangsettes i **samarbeid med kommune, barnehageeier og barnehage**.*

*HiSF har **godt utbygde fagmiljøer** for forskning og undervisning om barne-hagen som lærende organisasjon. Utdanningsinstitusjonene har også god erfaring i **utvikling og tilrettelegging** for kompetanseheving for ulike grupper ansatte i barnehagen. HiSF har god erfaring i **utvikling av ulike studietilbud** som retter seg særlig mot assistenter i barnehagen, fra kompetansehevings-studier til arbeidsplassbasert barnehage-lærerutdanning.*

## 2. Type utdanningar som er inkludert i pilotprosjektet og tal studentar totalt i avtaleperioden

### **Pedagogisk rettleiing for pedagogiske leiarar, barnehagestyrarar, lærarar og rektorar 15 studiepoeng**

Midlane frå prosjektet gjorde det mogeleg å auke opptaket til rettleiarutdanninga frå 25 til 45 studentar. Alle dei 17 studentane med barnehagefagleg bakgrunn gjekk opp til eksamen og fekk greidd. Sjå pkt 5.3

### **Leiing i framtidens barnehage 30 studiepoeng**

35 studentar der alle gjekk opp til eksamen og fekk karakteren greidd. Det var HiSF som finansierte sjølve studiet, men tid til samarbeid og utvikling av arbeidskrav vart henta frå prosjektet. Sjå pkt 5.2

### **Mentorordning for studentar som tek *Kompetanseheving for barnehageassistentar (KOMPASS)* 15 studiepoeng**

10 studentar. Midlar til sjølve studiet vart henta frå eiga løyving frå KD/UDIR via Fylkesmannen. Men tid til samarbeid, kurs for mentorane og godtgjering til arbeidsplassen, vart henta frå prosjektet. Sjå pkt 5.1

### **Fagnettverk og styrarnettverk i Indre Sogn**

Ti fagtilsette, praksiskoordinator og instituttleiar frå HiSF har vore aktivt deltakande i å utvikle ordninga med fagnettverk og styrarnettverk i Indre Sogn. Frå barnehagane har det delteke styrarar,

pedagogiske leiarar, fagarbeidarar og assistentar, til saman ca 225. I tillegg har 30 studentar i 3. klasse ved barnehagelærerutdanninga delteke i fagnettverka. Barnehagelærerutdanninga har og, som del av dette prosjektet, fått nytta førelesarar frå Sogn regionråd. Sjå pkt 4.1, 4.2 og 4.3

#### **Mentorordning for praksiskandidatar**

I Flora var det 17 praksiskandidatar og i Dale 18. Desse fekk tilbod om mentor på arbeidsplassen. Dei fleste arbeidsplassane greidde å tilby ei mentorordning. Sjå pkt 6.1

### **3. Namn på kommunane som har delteke i prosjektet**

Fylket Sogn og Fjordane er i utdanningssektoren delt i fire regionar: Nordfjord, Sunnfjord, HAFS og Sogn. HiSF har i planlegginga av dette prosjektet samarbeidd med regionane v/regionleiarane.

Nordfjord: Der vart vidareutdanninga *Pedagogisk rettleiing* lagd til Eid kommune, men med studentar også frå Vågsøy kommune. Styrarutdanninga *Leiing i framtidens barnehage* og *KOMPASS* vart lagt til høgskulen sine lokale i Gloppen kommune med studentar frå alle Nordfjordkommunane.

Sogn: Nettverkssamarbeidet i region Sogn hadde deltakarar frå følgjande åtte kommunar: Årdal, Lærdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Vik.

Sunnfjord og HAFS. Her sette HiSF i gang ei mentorordning for praksiskandidatar. Kandidatane kom frå Fjaler, Gaular, Askvoll, Hyllestad, Flora, Naustdal og Solund.

I regionane Sunnfjord og HAFS, hadde HiSF nett avslutta ei styrarutdanninga med 37 deltakarar. Høgskulen og dei to regionane vart samde om å vente med noko nytt studietilbod som del av prosjektet *Utviklinga av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*, til våren 2015. Med midlar frå prosjektet starta drøftingar og planarbeid som resulterte i tilbod om vidareutdanninga *Pedagogisk utviklingsarbeid (PUB2)* og *Kompetanseheving for assistentar (KOMPASS)* med oppstart i april 2015. I dette prosjektet deltok fire barnehagar frå kommunane Flora, Solund og Førde (Sjå eigen rapport sendt UDIR desember 2016).

### **4. Samarbeidet mellom HiSF og Sogn regionråd**

På det tidspunktet som utlysinga om prosjektmidlar frå Utdanningsdirektoratet kom, hadde Høgskulen i Sogn og Fjordane fått melding om at departementet ynskte at HiSF skulle vere pilot for den nye barnehagelærerutdanninga og starte opp hausten 2012. «Bestillinga» frå departementet var at den nye barnehagelærerutdanninga skulle vere nær kopla mot barnehagekvardagen. Høgskulen si erfaring var at Sogn regionråd hadde ein god struktur og ei god organisering når det gjaldt kompetanseheving og fagleg utvikling i barnehagesektoren. HiSF ynskte difor å ha fagtilsette og studentar som deltakarar i Sogn regionråd sine nystarta fagnettverk. Skulle studentane kunne koplast på samarbeidet, var det viktig med geografisk nærleik. Eit slikt samarbeid kunne ma gje nyttig kunnskap og erfaring som kunne brukast i arbeidet med å utvikle dei nye kunnskapsområda i den nye barnehagelærerutdanninga. Som instituttleiar og fagleg ansvarleg for prosjektet, såg eg på samarbeidet med barnehagane i Sogn som ei stor mulegheit for ein «VINN - VINN»- situasjon.



Praksiskoordinator Kari Marie Navarsete vart knytt til prosjektet som prosjektmedarbeidar og har hatt eit spesielt ansvar for den delen av prosjektet som omhandlar Sogn.

Det var ikkje «berre-berre» å få dei fagtilsette motiverte til å delta i fagnettverka. Dei hadde på rekordtid utvikla emneplanar for dei ulike kunnskapsområda og var sjølvstøtt svært spente på korleis det ville bli å gå frå rein fagundervising i tidlegare førskulelærerutdanning til no å undervise faget som del av eit kunnskapsområde i den nye barnehagelærerutdanninga. Å skulle delta i eit anna nytt utviklingsarbeid, verka for nokon ganske krevjande. Som instituttleder prøvde eg å vise at samarbeidet i fagnettverka kunne gje dei fagtilsette gode praktiske eksempel frå barnehagekvardagen og elles vere ein fagleg arena med drøfting av utfordringar og mulegheiter som barnehagane står midt oppe i. Eit slikt fagleg samarbeid håpa eg kunne resultere i at HiSF ville få ei meir praksisnær barnehagelærerutdanning.

#### 4.1 Kven er med i fagnettverka

- **Pedagogar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar.** Kriteriet for å bli med i eit nettverk er at du er aktivt interessert i fagfeltet, uavhengig av fagleg bakgrunn.
- **Fagtilsette i dei nye kunnskapsområda** i barnehagelærerutdanninga er direkte kopla mot fagnettverka og deltek på dei lokale fagsamlingane som likeverdige partar i nettverket.
- **Studentane på Høgskulen.** Studentane i 3. klasse på barnehagelærarlinja vert fordelte på dei respektive nettverka. Då blir 3 – 5 studentar med på kvart nettverk i regionen. Fokus for studentane vil vera leiing og kompetanseutvikling i barnehagen.
- For studentane vil deltaking i fagnettverk bidra til å konkretisere både fagleg innhald, men også arbeidsmetodikk for å bli ein lærande organisasjon. Nettverka vil også føre studentane inn i spennande nettverk av dyktige, engasjerte og erfarne tilsette frå barnehagane.
- Studietur: Annakvart år reiser eit fagnettverk på studietur. Pr. juni 2016 har HiSF delteke med faglærarar på studietur til Island, Danmark og Italia.

#### Instruks for fagnettverk

- For HiSF var det eit poeng at dei høgskuletilsette skulle delta i nettverka likestilte med dei andre deltakarane. Sjå *Organisering og prosedyre for fagnettverka i barnehagane i Sogn* (vedlegg 1).

Sogn regionråd skriv ma i *System for styrka læring*:

«*Fagnettverk* er ein arbeidsmetode for kvalitetsutvikling av barnehagesektoren. I tillegg til styrarnettverket har vi sju nettverk, eitt for kvart fagområda i rammeplanen. To kommunar delar ansvaret for eitt nettverk, medan dei seks andre har ansvaret for kvart sitt nettverk. I kvar kommune er det ei arbeidsgruppe med *nettverksansvarlege* på to - tre tilsette som koordinerer nettverka. Dei nettverksansvarlege er pådrivarar og har hovudansvaret for opplegg og framdrift i "sitt" nettverk. Dei har tett dialog med styrarane i kommunen om drift og utvikling av nettverket. Det skal vere eit nært samarbeid og samvirke mellom fagnettverka i region Sogn og fagtilsette og studentar på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Både tilsette i barnehagelærerutdanninga og barnehagelærarstudentane blir kopla direkte mot fagnettverka og deltek på samlingane. Då kan vi bruke og utnytte sterkare kompetansen hjå kvarandre».

**Oversikt over kva kommunar som har leiaransvar for dei ulike fagnettverka og namn på høgskulen sin deltakarar i nettverka.**

Fagområde barnehage	Ansvarskommune Tilsette frå høgskulen
Etikk, religion og filosofi , 25 deltakarar	Ansvarleg kommune: Luster Frå HiSF: Bjørg Tvetene Sæter - Kunnskapsgruppeleiar for <i>Samfunn, religion og etikk</i> (SRLE) 2015/16: Anne - Grethe Sønsthagen, faglærer i SRLE og LSU
Natur, miljø og teknikk, 25 deltakarar	Ansvarleg kommune: Balestrand Frå HiSF: Jostein Sanderud – faglærer i <i>Natur, helse og rørsle</i> (NHR)
Kommunikasjon, språk og tekst, 25-deltakarar	Ansvarleg kommune: Leikanger Frå HiSF: Lillian Pedersen - Kunnskapsgruppeleiar for <i>Barns utvikling, leik og læring</i> (BULL)
Nærmiljø og samfunn, 25 deltakarar	Ansvarleg kommune: Sogndal Frå HiSF: Sigrid Bøyum – Kunnskapsgruppeleiar <i>Leiing, samarbeid og utviklingsarbeid</i> (LSU) og faglærer SRLE
Kropp, rørsle og helse, 25 deltakarar	Ansvarleg kommune: Årdal Frå HiSF: Kjersti Johannessen - Kunnskapsgruppeleiar NHR
Kunst, kultur og kreativitet, 25 deltakarar	Ansvarleg kommune: Vik Frå HiSF: Hege Gjerde Sviggum og Berit Slåttum –faglærarar i Kunst, kultur og kreativitet (KKK)
Tal, rom og form, 25 deltakarar 25 deltakarar	Ansvarlege kommunar: Lærdal og Aurland Frå HiSF: Tom Rune Kongelf - Kunnskapsgruppeleiar <i>Språk, tal og matematikk</i> (STM) 2015/16: Solbjørg Urnes Johnson, faglærer i STM
Styrarnettverk, alle styrarane i Indre Sogn	Indre Sogn region: Hege Fimreite – Leiar for bachelor og fordjupingseininga <i>Pedagogisk leiing</i> . Frå 2015: Merete Nornes-Nymark, Leiande praksisansvarleg og faglærer i LSU og SRLE

**Faste møtearena for fagnettverksarbeidet**

- **Kommunemøte** med styrar og fagnettansvarlege og faglærer.
- **Årleg evalueringsmøte** med nettverksansvarlege i kommunane, faglærarar frå HiSF og arbeidsgruppa i regionen.

- **Styrarnettverk** med faglærer og prosjektmedarbeidar frå HiSF
- **Arbeidsgruppa** med prosjektmedarbeidar frå Høgskulen

## 4.2 Erfaringar og synspunkt frå dei fagtilsette ved HiSF

Vinteren 2016 gjennomførde prosjektmedarbeidar Kari Marie Navarsete og prosjektleiar Aud Marie Stundal intervju med åtte av dei fagtilsette frå HiSF som hadde delteke i fagnettverka. Intervjua var organisert som opne gruppeintervju der deltakarane vart utfordra på å dele erfaringane dei har gjort gjennom deltaking i fagnettverka. På bakgrunn av det som kom fram i desse samtalane er erfaringane og synspunkta samla under overskriftene: Oppstartsfase, den raude tråden og rolleforståing, effekt som faglærer og undervisar, omdømmebygging både for HiSF og for barnehagane og vegen vidare for fagnettverka.

### **Oppstartsfase**

Instituttleiar hadde poengtert at høgskulen sine tilsette skulle vere ordinære deltakarar og ikkje ha noko spesielt ansvar for organisering og innhald i fagnettverksmøta. Men dei fagtilsette følte at dei måtte bidra mykje, komme med idear og bestemme fokus. Dei vart på ein måte nøkkelpersonen. For dei fleste fagnettverka vart det i starten slik at samlingane vart ein slags «happening», og lite vart gjort ute i barnehagane i mellom samlingane.

Årsaka til dette var nok at dei fleste deltakarane var usikre på kva fagnettverka eigentleg skulle gjere. Det gjaldt både rolleforståing og fagleg innhald/tema. Men arbeidet har gått seg til etterkvart, men måten det har gått seg til på er ulik i dei ulike nettverka.

Dilemmaet som faglærarane følte på var: Skal eg vera ein deltakar på lik linje med dei andre slik leiinga både i HiSF og i Sogn regionråd hadde sagt, eller skal eg vera ein pådrivar og utviklingsaktør? Vert det feil om eg brukar fagkunnskapen min inn i fagnettverksarbeidet?

Etter kvart gjekk dette med rolleforståinga seg til. Nokre aksepterte at dei vart meir bidragsytarar enn dei andre i nettverket, medan andre følte at det vart ei likeverdighet, sjølv om rollane ikkje var like. Når nettverksgruppa var godt nøgd, så aksepterte faglærarane at rollane ikkje vart slik ein hadde tenkt i utgangspunktet.

Alle dei tilsette følte at dei vart svært godt mottekne i fagnettverka. Det var ei god stemning i gruppene. «Det utvikla seg etter kvart eit gjensidig forhold. Fagnettverksmedlemene ynskte fagkunnskap frå meg og eg treng og kunnskap frå barnehagen og gruppa».

### **«Den raude tråden» og rolleforståing**

Faglærarane sine erfaringar var at der fagnettverka arbeidde med same tema over tid og samstundes la inn mellomliggjande arbeid, dei hadde lukkast best. Det er ulike fasar som krev at den fagtilsette har noko ulik rolle alt etter kvar ein er i utviklinga. Fleire uttalte at dei hadde arbeidd målretta for å finne den «raude tråden». Det har me no greidd å lage. Barnehagane skal bidra inn og jobbe med dette mellom øktene i fagnettverka.

Det er arbeidsgruppa og faglærer som har halde den «raude tråden». Etter at det var på plass, kunne faglærer trekke seg litt tilbake, noko som førde til at dei andre i fagnettverket kom meir «på bana». Nokre av faglærarane begynte styrande, men har vorte meir perifer etter kvart. Fleire fagnettverk har no fått ballen til å rulle, medan nokre få framleis arbeidar litt adhoc. «Det er viktig at eg som

høgskuletilsett er lydhøyr for kva gruppa til ei kvar tid treng. Rolla mi er skiftande. Av og til er eg ein ordinær samtalepart, andre gonger koordinerer eg og nokre gonger er eg ein fagperson som har førebudd eit fagleg innlegg. Eg er veldig bevisst på at det ikkje er eg som skal bidra heile tida».

### **Effekt som faglærer og undervisar**

Som faglærer har det vore ein gevinst å vera så tett på dei barnehagetilsette og barnehagekvardagen. Å møte barnehagen gir oss innsikt og hjelper oss til bakkekontakt. Me har fått mange eksempel som kan brukast direkte inn i undervisninga. Det er viktig for oss fagtilsette å sjå kor usikre ein del av dei barnehagetilsette er i høve nokre av fagområda og såleis kunne prøve å hjelpe via fagnettverket. I tillegg gir det og god erfaring som kan brukast til å justere, men og forbetre eiga undervisning i barnehagelærerutdanninga. «Me får og innsikt i kor komplekst det er å drive kompetanseutvikling i barnehagen. For det første så har dei tilsette svært ulik utdanning og i tillegg er det stadig skifte i personalgruppe. Det er dette studentane møter når dei kjem ut i arbeid og det er bra for oss å få denne innsikta og faktisk bli minna om korleis kvardagen kan kjennast ut for ein barnehagelærer».

### **Meir generelle erfaringar med fagnettverksarbeid**

Det har vore ei utfordring å få alle barnehagar til å eige innhaldet i fagnettverka. (Ikkje alle har deltakarar i fagnettverk, jf kommunalt møte). Det er utfordrande å få ideane og erfaringane ut i barnehagekvardagen, men med småe grep og ikkje minst det mellomliggjande arbeidet, så har det vorte betre etter kvart.

Ei anna utfordring fleire har møtt, er at ein del av deltakarane (i sær i assistentgruppa) ikkje likar og/eller har dårleg sjølvtilitt i høve til å skrive noko fagleg. Det må ofte litt press til for å få deltakarane til å utføre arbeid i nettverket og i barnehagen. Det er klart at i ein travel barnehagedag, så er det krevjande å vere den som skal gjennomføre mellomliggjande fagnettverksarbeid. Det er difor viktig at arbeidsgruppa og alle deltakarane drøftar korleis ein på best mogeleg måte kan støtte den enkelte deltakar og sikre god «effekt» av gode idear og tips som kjem fram i nettverkssamlingane.

Det har vore og er interessant å vere med i fagnettverka, men det er ynskjeleg at det kjem tydlegare fram kva som er regionen sitt utviklingsarbeid og kva som er Høgskulen sitt utviklingsarbeid. Ein del i barnehagefeltet trur at HiSF har ein annan rolle enn det som er tenkt frå HiSF si side.

Det er svært viktig å få deltakarane til å forstå at «smått - ofte er godt» i denne samanhengen og at «ting tek tid». Mange trur at dei må ha gjennomført store prosjekt før dei har noko å fortelje om til dei andre i nettverket. Difor har fleire av dei fagtilsette frå høgskulen prøvt å motivere fagnettverka til å halde fokus på same tema over tid, gjerne minst to år.

Dei fagtilsette er tydelege på at styraren er nøkkelpersonen for å få fagnettverka til å fungera både i høve til dei nettverksansvarlege i kvar kommune og internt i barnehagen. Det var ein merkbar forbetring då det vart innført kommunemøte med styrar og fagnettansvarlege. Det kommunale møtet vart ein god arena for planlegginga av arbeidet i nettverkssamlingane, men og for korleis arbeidet skal vise att i barnehagen.

### **Omdømmebygging både for HiSF og for barnehagane**

Det var me intervjuarane som stilte dette spørsmålet til slutt i gruppeintervjua. Dei fagtilsette var ikkje i tvil om at gjennom å delta i fagnettverka, så driv ein omdømmebygging for HiSF, men og for barnehagane. Greier ein å utvikle eit godt fagleg samarbeid, så får begge partar eit gjensidig utbytte som i neste omgang fører til positivt omdømme.

Men det kom og fram at det kan vere ei stor utfordring for dei fagtilsette, i sær som nytilsett, å oppleve at mange i fagnettverka trur og forventar at ein veit «det meste» om HiSF. Her må leiinga i instituttet drøfte korleis desse forventningane kan justerast.

### **Vegen vidare i fagnettverka**

Synspunkt som kom fram i gruppeintervjua med dei fagtilsette og som i ettertid har vore drøfta med instituttleiar og praksisansvarleg:

Hovudinstrykket er så positivt at deltaking i fagnettverka vil *Institutt for barnehagelærerutdanning* halde fram med sjølv om prosjektperioden er ferdig og ein ikkje har noko ekstraløying å bruke. Det var instituttleiar som peika ut kven av dei fagtilsette som skulle sitje i dei ulike fagnettverka. Det var eit mål å få til eit best mogeleg samsvar mellom fagnettverka og dei nye kunnskapsområda i barnehagelærerutdanninga. For nokon av fagnettverka var det berre ein aktuell fagperson, medan det i andre var fleire aktuelle. Det er interessant å merke seg at der det var fleire å velje mellom, har det vore ein viss «kamp» om å få vere med. Leiinga tenkjer difor at det er viktig å sikre stabilitet, men samstundes og tenkje at deltaking i fagnettverk er ei kompetanseheving som skal komme flest mogeleg av dei fagtilsette til nytte. Og for nokre av fagnettverka kan det vere bra med ei viss fornying.

Dei fagtilsette var og opptekne av at i enkelte situasjonar så vil det vere bra for fagnettverka å kunne gjere seg nytte av andre fagpersonar frå HiSF enn den som sit i fagnettverket. Leiinga vart difor utfordra på å lage eit ressursystem som gjer det mogeleg å «gje timane» til ein kollega.

## **4.2 Erfaringar frå arbeidsgruppa i Sogn regionråd sitt fagnettverk for barnehage**

Kari Marie Navarsete og Aud Marie Stundal, gjennomførde og eit ope gruppe-intervju med dei tre styrarane/barnehageeigar i arbeidsgruppa og ein pedagogisk leiar som var innkalla som vikar. Programleiar deltok ikkje i intervjuet.

Med utgangspunkt i det som kom fram er desse erfaringane/synspunkta samla under følgjande overskrifter: Om fagnettverk, utbytte av samarbeidet med HiSF og omdømmebygging.

### **Om fagnettverk**

Det me driv med er eit stort utviklingsarbeid, også samarbeidet med Høgskulen. Dette er heilt nytt. Me er i ferd med å stake ut noko som skal bli bra. Det er systematisk og strukturert arbeid som handlar om kvalitet i barnehagane. Me ynskjer å driva lærande barnehagar der fagnettverk er ein metode for å få til kvalitetsarbeid og fagnettverka er ein metode for å realisera rammeplan for barnehagen. Askedalen barnehage i Leikanger er eit godt døme på korleis ein og kan implementere nettverksarbeidet i barnehagen. «Me er inne på ein gullveg!»

Me er klar over at nettverka fungerer ulikt. Men det grepet som vart gjort med kommunemøta, var bra. Og så må me få med kommuneleiinga for kommunalsjefane er nøkkelpersonar. Det er krevjande å få det til å fungere, men me er på god veg. Me har ei stabil styrargruppa, noko som er til stor hjelp i dette utviklingsarbeidet. At alle får eit eigarforhold til utviklingsarbeidet er nok ein nøkkel for å lukkast. Men me ser at kulturen i fagnettverksarbeidet er på veg til å setje seg. Å høyre til er nok avhengig av kor nær du er kjernen i nettverksarbeidet (arbeidsgruppa). Utviklingsarbeidet har vore svært krevjande fordi ideane skal gå «ovanfrå og ned». Eigarane har gjort vedtaka, men det tek tid å få det implementert. Me ser at det har vorte ei auka forståing for kva nettverksarbeidet er. Dei som «sit i kjernen» ser ein større nytteverdi enn dei som er meir perifere. Nettverksarbeidet kan ikkje vere altoppslukande, ein kan godt ha eit supplement i kvar kommune.

### **Utbytte av samarbeidet med Høgskulen - med fagtilsette og studentar**

Høgskulen hevar muligheita for å gjere fagnettverka til kompetanseheving. Det hjelper oss til å vere meir faglege. Me har ei gullgruve me som har mulegheit til å ha eit så nært samarbeid med høgskulen. Som døme vart nemnt: Førelesingar om barnehagen som lærande organisasjonar på styrarnettverket. Det er bra for samarbeidet at høgskulen også har representant(ar) i styrarnettverket. Framover så kan me sikkert bruke faglærar meir aktivt i styrarnettverket. Det må me drøfte. Me vil tru at det er bra for dei fagtilsette å kunne ta med erfaringar både frå fagnettverka og styrarnettverket inn i undervisninga. Her blir det å gje og ta for alle samarbeidspartane.

Dei ulike fagnettverka har arbeidd ulikt. I nokre av nettverka har dei fagtilsette frå høgskulen vore veldig engasjert, i andre mindre. Høgskulen må syte for å gjere utskiftingar om den fagtilsette ikkje ynskjer å bidra inn i nettverket. Ein må drøfte korleis ein på best mogeleg måte kan bruke høgskulen sin kompetanse. Det er framleis viktig å gjere gode rolleavklaringar. Faglærarane må delta på planleggingsmøta slik at ein saman kan legge planar for samlingane der ein og sikrar ein god framdriftsplan. Det er godt å kunne drøfte korleis ein kan kople teori og praksis. Kva kan HiSF bidra med? Er det andre på høgskulen enn den som sit i fagnettverket som kan bidra? Av og til treng ein hjelp til å skaffe aktuelle føredragshaldarar. Det er og så bra å oppleve at høgskulen gjer seg bruk av våre tilsette ma både i undervisninga og i vinter då HiSF skulle utvikle ein ny emneplan for vidareutdanninga *Barns språkutvikling og språklæring i barnehagen, inkludert barn med norsk som andrespråk*. På denne måten vert det kompetanseheving for alle partar. Me får vite kva som skjer i utdanning no og kva skjer i barnehagen. Kva arbeidar ein med i kunnskapsområda i barnehagelærarutdanninga og kva arbeidar ein med i fagnettverka. Kva rører seg i praksisfeltet?

Ein av dei største fordelane med samarbeidet i fagnettverka og styrarnettverket, er at dei barnehagetilsette, dei fagtilsette frå HiSF og studentane kjem så nær kvarandre. Når ein vert så godt kjende, så er det mykje lettare å sjå korleis ein kan bruke kvarandre sin kompetanse. Me opplever oss mykje nærare HiSF no enn før. Det er ein «kort veg» til å ta ein telefon til HiSF i alt me driv med. Me er vorte betre kjende med utdanninga og korleis me kan bruke kvarandre.

Arena for møtepunkt er kjempeviktig. Det er godt at Høgskulen er med i styrarnettverket for å vera eit bindeledd, det gjeld både administrasjon og faglærar. Det er godt å oppleve at me i arbeidsgruppa no kan seie noko om høgskulen sin rolle i nettverksarbeidet, i sær er det viktig for dei nye som skal inn i fagnettverka.

Det er ingen tvil om dei fagtilsette frå HiSF har bidrege med å få til «den raude tråden». Det er viktig at det er eit samsvar mellom kva me forventar og kva me krev av faglærarane frå HiSF. Her håpar me på vidare samarbeid slik at me stadig kan utvikle oss saman. Me ser eit stort utviklingspotensiale i at HiSF ma kan bidra med rettleiing inn mot styrarane, de kan tilføre ny kunnskap om kva som skjer i feltet og samstundes vil dei fagtilsette frå HiSF kunne hente mykje praksiserfaringar.

Det hadde vore kjekt om studentane kunne vore med alle tre åra, men det fungerer slik det er no og. Me krev at dei som er i nettverka skal vere aktive og det ville vore lettare viss studentane var med i tre år. Det er så bra at studentane får innblikk i at fagnettverksarbeidet er ein del av kompetansesarbeidet i barnehagen. Skal dette fungere optimalt for studentane, så er det sjølv sagt heilt avgjerande at faglærarar kjenner praksisfeltet og ikkje minst dei endringane som skjer i praksisfeltet.

### **Omdømmebygging**

Me opplever at fagnettverksarbeidet er ein viktig del av kvalitetsarbeidet i barnehagen og såleis eit godt omdømmearbeid. I det siste er det fleire regionar som har komme til Sogn for å høyre om arbeidet me driv både i skule og barnehage. Det tek me som teikn på at det me gjer er bra. Fagnettverksarbeidet har vore tema i møte med politikarar og på leiarmøta. Det har utvikla seg ei frimodigheit til å snakka om kvalitet, noko som og handlar om omdømme for barnehagen. Me har på gang eit arbeid som utfordrar og det skapar utvikling. Dei vaksne brukar dagen sin på ein annan måte enn før. Dei tilsette får heve kompetansen sin. Dei fortel til foreldra kva dei held på med i fagnettverka. Styrar fortel om korleis ein arbeidar med kvalitetsarbeid, til politikarar, tilsyn mm. Fagnettverksarbeidet vert eit utgangspunkt å snakke ut i frå. Mange kan vise at dei er stolte over yrket sitt.

## **5. Aktivitetar i Nordfjord**

### **Mål for Nordfjordsatsinga**

Ved at høgskulen tilbyr fleire studium i same region der rettleiing er med, gir det eit unikt høve til å byggje opp rettleiingskompetanse på fleire nivå og i ulike samanhengar.

Erfaring syner at tilhøve knytt til kultur- og situasjonskonteksten blir avgjerande for kva som skjer i rettleiinga, og vert styrande for innhaldet i rettleiinga. Det kan by på utfordringar å sjå korleis kunnskap om rettleiing isolert sett i høve til assistentar, studentar, nyutdanna/kollegaer, styrarar med vidare kan brukast og nyttiggjerast i fleire og ulike samanhengar.

### **5.1 Mentorordning i KOMPASS**

Midlane til KOMPASS kom som eiga løyving til HiSF via Fylkesmannen. Det spesielle for dette KOMPASS-tilbodet var at HiSF kunne tilby eigen mentorfunksjon på arbeidsplassen. Merete Nornes-Nymark var fagansvarleg for den nye KOMPASS ordninga (sjå emneplan vedlegg 2). Det vart lagt opp til mellomliggende arbeidskrav mellom kvar samling, som eit ledd i progresjon og auka læringsutbytte for KOMPASS studenten, og då nært i samarbeid med mentor på eigen arbeidsplass.

Det var barnehagane sjølve som utpeika mentor og det var anten pedagogisk leiar eller styrar som fekk oppgåva. Kursdag for mentorane samt tid til drøfting for faglærarane i dei tre ulike utdanningstilboda i Nordfjord vart fullt ut dekkja av prosjektet *Utviklinga av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*. I tillegg fekk barnehagane ein kompensasjon for tida mentorane nytta til rettleiing. Den vart delvis dekkja av prosjektet.

### **Innhald i mentorfunksjonen - utarbeidd av høgskulelektor Merete Nornes-Nymark, fagleg ansvarleg for KOMPASS**

Mentor skal være ei støtte og ein rettleiar for KOMPASS-studenten. Dette gjeld i høve det å skrive oppgåver, spesielt i høve struktur og litteratursøk. Mentor skal ikkje være medskrivar.

Det er ei god løysing om studenten og mentor får avsett noko fast tid mellom kvar samling, til å drøfte tematikk og problemstillingar knytt til tema studenten har hatt innføring i på samling. Studenten må gi signal til mentor om behov.

Den viktigaste oppgåva er å være støtte slik at studenten opplever at studiet er nyttig og interessant også for barnehagen, i tillegg til å være utviklande for den enkelte student.

Nokre mentorar er i eit utdanningsløp knytt til rettleiing. Me vonar å få til oppgåver som kan knyte desse studia saman, i høve rettleiing og utprøving i praksis. Dette arbeider me med, og vil være rettleiingsutprøving spesielt for mentor og KOMPASS-student, der mentor er i rettleiingsutdanning.

Me set ikkje ytterlegare rammer for mentorfunksjonen, avdi me veit at barnehagar har ulik økonomi og ressursar å nytte i kvardagen, og lokale tilpassingar i høve avsett tid til samtale og rettleiing, i og utanfor arbeidstida, må være den enkelte styrar sitt ansvar.

På første samlinga for KOMPASS-studentane var det sett av tid til ei felles førelesing for studentane og mentorane med etterfølgjande drøfting knytt til mentorfunksjonen. Det var høgskulelektor Hege Fimreite som hadde førelesinga «Å lære ved å arbeide saman» - om pedagogisk rettleiing.

## **5.2 Om rettleiing i styrarutdanninga**

Styrarane har ei nøkkelrolle i all kompetanseheving i kommunane og vi la difor opp til obligatoriske arbeidskrav i utdanninga der dei skulle opprette rettleiingsgrupper på eigen arbeidsplass/eventuelt i eigen kommune. Dei styrarane som hadde assistentar eller fagarbeidarar som gjekk på KOMPASS, skulle gjennomføre rettleiing med KOMPASS-studentane medan dei andre skulle velje assistentar det var naturleg å ha rettleiingsøktar med ut i frå prosjektet som styrarane gjennomførte. HiSF sine faglege leiarar for styrarutdanninga, KOMPASS og rettleiingsutdanninga drøfta dei ulike arbeidskrava som studentane i dei ulike utdanningane fekk.

På den eine samlinga var temaet «Rettleiing som leiingsverktøy» og «Rettleiing av nyutdanna og reflekterande team. Kva, korleis og kvifor?». Dei gjennomførde og øvingar slik at dei fekk prøve metoden før dei skulle gjennomføre rettleiing på eigen arbeidsplass



### 5.3 Pedagogisk rettleiing og mentoring

Dette var ei vidareutdanning for pedagogiske leiarar, barnehagestyrarar, lærarar og rektorar 15 studiepoeng. Utdanninga var planlagt før dette prosjektet var starta. Men midlane frå prosjektet gjorde det mogeleg å auke opptaket til rettleiarutdanninga frå 25 til 45 studentar. Målet for satsinga i Nordfjord var å byggje opp rettleiingskompetanse på fleire nivå og i ulike samanhengar og innhald og arbeidskrav i dette studiet passa såleis perfekt.

#### Arbeidskrav i studiet

- obligatorisk deltaking på samlingane
- obligatorisk gjennomføring av fem rettleiingsøkter
- obligatorisk deltaking i minst 4 samlingar i nettverksgruppene
- innlevering av dokumentasjon i form av mindre fagtekstar frå tre rettleiingsøkter på arbeidsplass og i nettverksgruppene med vekt på utvikling av eigen rettleiarkompetanse. Fagtekstane skal vere leverte og godkjende før oppmelding til eksamen.
- obligatorisk framlegg av ein av fagtekstane

#### Sluttvurdering

PE364 Skriftleg individuell oppgåve knytt til rettleiingspraksis og utvikling av eiga rettleiarrolle på minimum 2500 ord, maksimum 3000 ord. Eksamen vert vurdert etter ein gradert karakterskala frå A til F, der F er ikkje-godkjent.

Oppgåva vil bli vurdert ut frå om studenten kan:

- drøfte pedagogisk rettleiing ut frå relevant faglitteratur og pensum
- analysere og problematisere eiga rettleiarrolle og vurdere eige rettleiingsarbeid
- dokumentere kompetanseutvikling gjennom eige rettleiingsarbeid

Sjå emneplan (vedlegg 3)

## 6. Aktivitetar i Sunnfjord og HAFS

### 6.1 Samarbeid om praksiskandidatar som ynskjer å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar

#### Kva gjorde HiSF:

Som del av prosjektet *Barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar* ynskje høgskulen å prøve ut ei mentorordning for praksiskandidatar i Sunnfjord, etter modell frå mentorordninga som KOMPASS-studentane i Nordfjord hadde fått. Høgskulen tok kontakt med den lokale læraren og orienterte om prosjektet. Det vart bestemt at HiSF skulle ta kontakt med arbeids-gjevarane til praksiskandidatane og invitere eventuelle mentorar til ei lita orientering- og opplæringsøkt saman med praksiskandidatane, både i Flora og i Dale. Me tenkte at mentoropplæringa måtte tilbydast i etterkant av den faste undervisningstida for praksiskandidatane, men læraren var svært interessert i opplegget og meinte at me kunne leggje mentoropplæringa inn i den faste undervisningstida.

Det var ikkje enkelt for HiSF å finne ut kven som var praksiskandidatane sin arbeidsgjevar. Men me greidde det til slutt og brev vart sendt (vedlegg 4). Me gjorde merksam på at dette var eit frivillig tilbod. I tillegg la vi vekt på at om mogeleg ville det vere interessant å få gjere erfaringar med at barnehagane kunne oppnemne fagarbeidarar som mentor i motsetning til det vi hadde gjort på KOMPASS, at det var pedagogisk leiar eller styrar som var mentor. Tanken bak var at «den som har skoen på, er den som best kjenner kvar skoen trykkjer». Høgskulen måtte følgje opp pr. tlf for å få vite kven som skulle vere mentor, og det var eit svært tidkrevjande å få kontakt med alle arbeidsgjevarane. Arbeidsgjevarane var svært usikre på kva mentorordninga gjekk ut på og samstundes usikre på om dei fekk nokon i barnehagen til å ta på seg mentoransvaret.

HiSF ser i ettertid at me kom altfor seint inn i prosessane. Skal eit slikt tilbod om mentorordning fungere, må arbeidsgjevarane få opplysningar om ordninga så tidleg som mogeleg. Og skal HiSF kunne gje eit slikt tilbod, så bør det vere ein kontaktperson i kvar region, som er kontaktperson for alle dei aktuelle barnehagane/skulane og som sender informasjon til barnehagane. Me trur og at det vere ein stor fordel om arbeidsgjevarane får informasjon om praksiskandidatordninga og det praktiske opplegget FØR eventuelle kurs vert sett i gang.

Det var godt frammøte til undervisningsøktene både i Flora og Dale. Frå HiSF deltok instituttleiar Aud Marie Stundal og høgskulelektor Merete Nornes - Nymark. HiSF orienterte om at dette var eit forsøksprosjekt der ein ynskte å prøve ut ei mentorordning . Det vart lagt vekt på kor viktig motiveringsjobben er. Dersom heile barnehagen kan støtte kandidaten og få til ei «VI-kjensle», så er det større sjanse for at praksiskandidaten vil lukkast med å ta fagbrevet.

Vidare var det ei eiga fagøkt v/Merete Nornes- Nymark om det å vere fagbrevelev og mentor/rettileiar: «Å skape den gode læringsarena på eigen arbeidsplass». Praksiskandidatane og mentorane fekk så drøfte utfordringar og dele erfaringar. I økta der det var gitt rom for spørsmål, hadde praksiskandidatane mange spørsmål. Dei såg sjølvsagt ikkje at spørsmål knytt til sjølve praksiskandidat-ordninga med godkjenningar, eksamensrett mm., kunne ikkje HiSF hjelpe dei med. Ved eventuelle seinare liknande samlingar, vil det vere svært viktig at Fylkeskommunen /skuleadministrasjonen er til stades for å gje praksiskandidatane den hjelpa dei treng i høve «det formelle» på dette tidspunktet av praksiskandidatløpet deira.

Mentorane verka svært motiverte og det såg ut til at dei hadde gode og konstruktive tankar og idear om korleis dei kunne hjelpe praksiskandidaten i den hektiske barnehagekvardagen. HiSF la vekt på at dei i etterkant kunne kontakte faglærar som hadde undervisninga om rettleiing, om dei hadde trong for hjelp. HiSF hadde planar om å følgje opp mentorane og praksiskandidatane i ettertid, med spørsmål om ordninga. Men av ulike årsaker vart det ikkje tid og økonomi til å få gjennomført ei slik evaluering.

### **Oppsummering etter drøftingsmøte mellom HiSF, Sogn og Fjordane fylkeskommune (FK) og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM).**

Deltakarane på møtet var: Berit Rygg frå Fylkesmannen, Mari Anne Sundal frå Fylkeskommunen, Kari Marie Navarsete og Aud Marie Stundal frå Høgskulen.

Fylkeskommunen tilbyr ikkje lenger praksiskandidatkurs. Praksiskandidatordninga er ikkje ei opplæringsordning som kjem inn under retten til vidaregåande opplæring for vaksne etter §4A-3 i opplæringslova. Praksiskandidatordninga er ei dokumentasjonsordning der kandidatane ikkje har formell rett til opplæringskurs og FK må difor prioritere å leggje til rette for dei som har vaksenrett. Dei siste praksiskandidatkursa har komme i stand ved at FK har fått midlar frå FM. Det er den enkelte praksiskandidaten som må søkje om opptak til praksiskandidatkursa og melde seg opp til fagprøven.

Fylkesmannen brukar kompetansemidlane som er tildelt barnehagesektoren til dette. Føringsane frå departementet i bruk av kompetansemidlane tildelt sektoren er noko uklære, men FM reknar med å få klårare retningslinjer etter kvart. FM meiner at det er særskilt viktig å få fleire til å ta fagbrev dersom ein skal lukkast med kompetansestrategien som departementet har om auka kompetanse for barnehagesektoren fram mot 2020.

FK kunne opplyse at det er stor strykprosent blant helsearbeidarane som gjekk opp til teoriprøven som praksiskandidatar, men når det gjeld dei som går opp i barne- og ungdomsarbeidarfaget, så har dei fleste bestått teoriprøven.

Diverre så kjenner nok ikkje administrasjonen og lærarane på privatistiskulane praksiskandidatordninga godt nok. Dei må som oftast tilsetje ekstra lærarar som heller ikkje kjenner vidaregåande opplæring godt. Dei vidaregåande skulane har ikkje nok kunnskap om ordninga og har ikkje heller dette som hovudansvarsoppgåve. For dei vidaregåande skulane ville det nok vore ein fordel om eventuelle kurs kunne følgje skuleåret. Då ville dei kanskje unngå å måtte tilsetje ekstralærarar midt i skuleåret.

FM må ha samarbeid med regionane for å høyre kor stor interesse det er for assistentar til å ta fagbrev. Er det mange nok aktuelle kandidatar, vil FM framleis vurdere å bruke kompetansemidlane til denne type kurs. FM ynskjer å vere tydeleg med melding ut til regionar og arbeidsgjevarar at no kjem det midlar til eventuelle praksiskandidatkurs. FM ser at denne ordninga heile tida må vere på dagsorden. FM ynskjer heile tida å arbeide godt ut mot arbeidsgivarane. Det er viktig at informasjonen kjem godt nok ut til den enkelte barnehage og den enkelte styrar. FM må drøfte med regionane om korleis ein på best mogleg måte kan nå ut med nødvendig informasjon. FM følgjer spent med på ny rammeplan for barnehagen og eventuell ny kompetanseplan. FM ser kva føringar som kjem og tek det opp med barnehageansvarleg i kommunane ut frå det som departementet prioriterer. Truleg så er ikkje styrarane godt nok oppdaterte på kva som er kravet i høve til å ta fagbrev som praksiskandidat. Kva er t.d. realkompetansevurdering?

FK opplyste om at når det gjeld realkompetanse så vert den vurdert i høve læreplanmåla, men for praksiskandidatar erstattar ikkje realkompetansevurderinga eksamen. I tillegg til teorieksamen må ein praksiskandidat ha minimum 5 års praksis (inkludert eventuell relevant skulegang) i 100% stilling for å gå opp til fagprøve.

FK opplyste og om «den tredje vegen» som er eit arbeidsplassert fagbrev. Dette er ei forsøksordning som byggjer på realkompetansevurdering både på vg1, vg2 og vg3-nivå, der kandidaten får opplæring på arbeidsplassen i dei kompetansemåla som manglar. På denne måten kan deltakarane få fagbrev mens dei har ordinær jobb, og treng ikkje følgje ordinær lærlingeordning. Fordelen i høve praksiskandidatordninga er at opplæringa er knytt til arbeidsplassen, og at det kan ta vesentleg

kortare tid før kandidaten er klar til å melde seg opp til fagprøve. Ordninga er ikkje vedteken enno, men tyder på at ho vil bli gjennomført.

Dei tre partane i Sogn og Fjordane har tru på ordninga med tilbod om opplæring for praksiskandidatar med tilbod om mentorordning. Men det er ein del utfordringar som må løysast skal dette fungere tilfredsstillande for kandidaten og ikkje minst arbeidsgjevar.

FK, FM og HiSF må samarbeide før eventuelle kurs startar og definere rollar og gi informasjon til praksiskandidatar og arbeidsgjevar om «kven gjer kva», noko som krev ein del samarbeidstid. Me må finne samarbeidsformer der ein dreg lasset i lag. Etatane i Sogn og Fjordane er kjend for å snu seg raskt og alltid leite etter mulegheiter. Av og til er me kanskje for kjappe, men stort sett lukkast me.

Høgskulen ynskjer å gjere fleire erfaringar med mentorordning og har god fagkompetanse når det gjeld å undervise i ulike rettleiingstema. Me har berre uformelle tilbakemeldingar frå barnehagane om mentorordninga. Dei kandidatane som hadde mentor opplevde det som positivt. «Det var så godt å vite at det var ei formell ordning slik at eg (kandidaten) med godt samvit kunne spørje mentoren til råds». Mentorane sa at det var både interessant og fagleg nyttig å vere mentor og dei kunne bruke kunnskapen og erfaringane også i møte med dei andre tilsette i barnehagen.

Å bruke fagarbeidar som mentor har HiSF, FM og FK stor tru på. Det er lettare for assistenten å identifisere seg med fagarbeidaren i høve til rolla ein skal inn i når ein veit at fagarbeidaren har kjent på denne utfordringa sjølv. I tillegg trur me at ei mentorrolle er med på å løfte statusen til fagarbeidarane.

Viss ordninga med praksiskandidat med mentoroppfølging, skal halde fram, må FM,FK og HiSF ha nytt samarbeidsmøte der ein drøftar ordninga. FM, FK og HiSF har fått meir kunnskap og forståing gjennom dette prosjektet og ser verdien av å samarbeide. Det gir ei god kjensle å kunne vere med på å løfte fagkompetansen i barnehagane – også gjennom ei ordning der dyktige assistentar kan ta fagbrev. FK har ansvar for det faglege tilbodet i sjølve opplæringa, FM har til denne tid kunne bidra med økonomi og vore kontaktledd til regionane/arbeidsgjevarane. HiSF har kompetanse på rettleiingsfeltet og kan bidra med opplæring for mentorane, om det finst midlar til det. Denne gongen vart midlane henta frå prosjektet *Barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*.

## 7. Utvikling av ordninga med høgskulebarnehagar

### 7.1 Eigne høgskulebarnehagar

Den nye barnehagelærerutdanninga legg føringar for at undervisinga skal vere så praksisnær som mogeleg. Etablering av **høgskulebarnehagar** er viktig for å oppnå dette. Høgskulebarnehagen er ein fast praksisbarnehage som forpliktar seg til samarbeid med høgskulen utover det å tilby studentar praksisplass.

Gjennom prosjektet vil vi lyse ut tilbod om å bli fast høgskule-praksisbarnehage. Vi vil knytte til oss utviklingsorienterte barnehagar der aktuelle praksislærarar må ha 30 studiepoeng rettleiing eller vere villige til å skaffe seg den kompetansen på kursa som høgskulen tilbyr. I tillegg er det ønskjeleg at leiarar i høgskulebarnehagane har vidareutdanning i leiing.

Høgskulebarnehagen er positiv til deltaking i studentar og faglærarar sine forsking- og utviklingsprosjekt, mellom anna ved at faglærarar ved høgskulen kan bruke barnehagen som arena for utvikling og forsking. Fagtilsette i høgskulebarnehagen må ynskje å bidra i undervising på høgskulen saman med faglærarar og vere aktive utviklarar i høve til praksisorganisering og innhald for studentane ved høgskulen. I tillegg stiller høgskulebarnehagen seg disponibel for studentar sitt arbeid med bachelor- og masteroppgåver. Eit nært samarbeid mellom høgskulebarnehagen og høgskulen kan gi kompetanseheving for alle.

Det er viktig at praksisbarnehagane speglar fylket sitt mangfald når det gjeld ulike barnehagar og det er eit mål å ha høgskulebarnehagar i fleire av regionane. Prosjektet gjer det mogeleg å tilby rettleiarutdanning i fleire regionar og vi vil gjerne kople kompetanseheving av praksislærarane til kompetanseheving for rettleiarar for nyttilsette.

### **Kva har HiSF gjort i tidsrommet 2014-2016**

Sidan dette var eit forsøksprosjekt og noko heilt nytt, valde HiSF å peike ut tre barnehagar frå dei faste praksisbarnehagane som fekk tilbod om å vere høgskulebarnehagar. Desse vart valde ut i frå geografi (ein viss nærleik til høgskulen), variasjon i storleik og eigarskap og satsingsområde i barnehagen: Barnehagane var Stedje barnehage i Sogndal, ein privat barnehage med 75 barn, Gaupne barnehage, ein kommunal barnehage i Luster kommune med 115 barn og Sogndal studentbarnehage med 43 barn.

HiSF gjorde det tydeleg for styrarane at dette var eit utviklingsprosjekt der høgskulen ynskte å utvikle ei ordning med høgskulebarnehagar i nært samarbeid med barnehagane. På første samarbeidsmøtet i august 2014 kom ein fram til følgjande om kva det betyr å vere ein høgskulebarnehage:

- Barnehagane forpliktar seg til å delta i FOU-arbeid i regi av Høgskulen
- Høgskulen dekkjer utgiftene til ei fagøkt i kvar barnehage pr. år etter avtale med barnehagane. I møtet kom det fram at dei tre barnehagane kunne slå seg saman i ei slik fagøkt. Alle dei tre barnehagane har språk som satsingsområde barnehageåret 14/15. Dei ynskte og å få informasjon og oppdatering i høve nye «skriv og meldingar» for barnehagesektoren
- Kvar høgskulebarnehage melder inn til HiSF kva dei er «gode på», kva dei er spesielt opptekne av og kva dei kan tilby høgskulen i undervising på høgskulen og i høve studentbesøk i barnehagen
- Dei tre høgskulebarnehagane vert kontaktbarnehage for kvar sin heiltidsklasse. Kontaktbarnehagen kan då delta i undervising, praksisførebuing og etterarbeid i sin klasse

Det må vere ein tydeleg skilnad på å vere høgskulebarnehage og fast praksisbarnehage med 3 – årsavtale med høgskulen. Først og fremst ynskjer HiSF å bruke høgskulebarnehagane i spesielle samarbeidsprosjekt og når me treng representantar i ulike råd og utval.

I desember hadde ein nytt samarbeidsmøte mellom HiSF og høgskulebarnehagane. Der vart det ma bestemt at Gaupne barnehage skulle vere kontaktbarnehage for 1 BLU. Stedje barnehage skulle koplant mot 2 BLU og Sogndal studentbarnehage mot 3 BLU. Etter fellesdrøftingane, arbeidde ein vidare i teamgrupper for å komme med framlegg til kva den enkelte klasse og den enkelte høgskulebarnehage kunne samarbeide om neste år.

Samarbeidsteamet for 1 BLU og Gaupne barnehage hadde følgjande framlegg til samarbeid:

- Faglærarar frå 1 BLU ville hospitere i barnehagen (vinter – vår)
- Studentane skulle ha ansvar for ei danseførestilling for barn frå Gaupne barnehage (vinter-vår)
- Studentane skulle delta i ein aktivitetsdag i Parken i Gaupne (vår)
- Styrar i Gaupne barnehage skal halde innlegg for den nye 1 BLU om det å vere barnehagelærar og leiar (haust 15)
- Styrar og praksislærarar skal gje innspel på praksisoppgåvene (haust)
- Representant frå barnehagen skal delta i praksisetterarbeidet
- Barnehagen skal delta aktivt i fou-arbeidet til Fimreite og Fossøy
- Barnehagen vert invitert til fagdagar og undervisning på høgskulen

Samarbeidsteamet for 2 BLU og Stedje barnehage hadde følgjande framlegg til samarbeid:

- Representantar frå barnehagen skal delta i praksisførebuing (vår)
- Representantar frå barnehagen skal delta i paneldebatt i 2 BLU med tema «formålsparagrafen i barnehagen»
- Barnehagen skal delta i fou-prosjektet til Fimreite og Fossøy
- Barnehagen vert invitert til fagdagar og undervisning på høgskulen

Samarbeidsteamet for 3 BLU og Studentbarnehagen hadde følgjande framlegg til samarbeid:

- Representantar frå barnehagen skal delta i praksisførebuing
- Barnehagen får undervisningsplanen til 3 BLU. Dei pedagogiske leiarane får tilbod om å delta på delar av undervisninga/temadagar
- Styrar deltek i undervisninga tre gonger med følgjande tema: Eksterne samarbeidspartnarar, konfliktløysing og samarbeid med foreldra
- Barnehagen skal delta i fou-prosjektet til Fimreite og Fossøy
- Både studentar og tilsette er velkomne til å delta på barnehagen sine møte
- Barnehagen vert invitert til fagdagar og undervisning på høgskulen

Samarbeidet vart på det næraste gjennomført etter planen for vår 2015 og studieåret 2015/2016.

2 BLU hadde praksisoppsummering 11. november. Stedje barnehage deltok med praksislærar og styrar. 3 BLU hadde praksisoppsummering 10. november. Studentbarnehagen deltok med praksislærar og styrar. Høgskulen dekkja vikarutgifter.

### **Fou-arbeid i høgskulebarnehagane**

Høgskulelektor Hege Fimreite og dosent Ingrid Fossøy har starta med eit fou- arbeid i høve veiledning i dei 3 barnehagane. Formålet med prosjektet var å utvikle kunnskap om korleis systematisk kollegaveiledning kan medverke til utvikling av lærande barnehagar. Prosjektet såg leiargruppa som den fundamentale læringseininga (Senge 2006, s. xi) og systematisk kollegaveiledning vart gjennomført etter modellen Problemretta veiledning i gruppe (Lycke, Handal & Lauvås, 2016). Veiledninga tok utgangspunkt i reelle problemsituasjonar eller utfordringar leiargruppa møtte gjennom det praktiske arbeidet i barnehagen. Prosjektet vart gjennomført i tre syklusar, i perioden frå november 2014 til juni 2015. Kvar syklus inkluderte: a) gjennomføring av modellen problemretta

veiledning i dei respektive leiargruppene med videoopptak av rettleiinga, b) førebuing til ekstern veiledning gjennom val av videosekvens eller ein situasjon frå veiledninga som utgangspunkt for ekstern veiledning og c) gjennomføring av ekstern veiledning eller metaveiledning, med grunnlag i den valde sekvensen av videoopptaket. Ei slik systematisk arbeidsform vart oppfatta som utviklande for pedagogane i barnehagen. Kollegaveiledninga utfordra eksisterande møtekultur og bidrog til at barnehagane utvikla det som kan omtalast som kunnskapsutviklande møte, med eit auka fagleg fokus og rom for å stille kritiske spørsmål til eigen og andre sin praksis. Gjennom å initiere kollegaveiledning vart det lagt til rette for ein organisasjonsstruktur som fremjar læringsprosessane i dei respektive barnehagane (vedlegg 5).

11. mars hadde alle dei tre høgskulebarnehagane personalmøte på høgskulen. Ingrid Fossøy og Hege Fimreite hadde fagøkt om fou-arbeidet knytt til veiledning. Så vart gruppa delt i to der eine gruppa hadde temaet nynorsk barnelitteratur. Det var Janne Karin Støylen frå Nynorsksenteret som hadde ansvar for fagøkta i samarbeid med ein representant frå høgskulen sitt bibliotek. Den andre gruppa hadde fagøkt med temaet «dei minste i barnehagen» v/høgskulelektor Mari Engesæter.

Våren 2016 vart det bestemt at HiSF skulle lyse ut ein ny periode med høgskulebarnehagar der alle dei faste praksisbarnehagane kunne søkje. I utlysinga stod det:

«Utgangspunkt for samarbeid 2016 - 2018

Den nye barnehagelærerutdanninga legg føringar for at undervising skal vere så praksisnær som muleg. Etablering av Høgskulebarnehagen er viktig for å oppnå dette. Høgskulebarnehagen er fast praksisbarnehage som forpliktar seg til samarbeid med høgskulen utover det å tilby studentar praksisplass, som til dømes deltaking i undervising og forskning. Høgskulebarnehagen satsar aktivt på kompetanseheving av fagtilsette, og legg til dømes til rette for at alle praksislærarar tek vidareutdanning i rettleiing, minimum 15 stp. I tillegg er det ønskjeleg at leiarar i Høgskulebarnehagen har vidareutdanninga «Leiing i framtidens barnehage».

Høgskulebarnehagen er ein utviklingsorientert barnehage med konkrete satsingar internt i barnehagen. Fagtilsette i Høgskulebarnehagen ønskjer å bidra i undervising på høgskulen saman med faglærarar, både planlegging og aktiv deltaking. Høgskulebarnehagen er positiv til deltaking i studentar og faglærarar sine forsking- og utviklingsprosjekt, mellom anna ved at faglærarar ved høgskulen kan bruke barnehagen som arena for utvikling og forskning. I tillegg stiller Høgskulebarnehagen seg disponibel for studentar sitt arbeid med bachelor- og masteroppgåver. Eit nært samarbeid mellom Høgskulebarnehagen og Høgskulen kan gi kompetanseheving for alle.

Høgskulebarnehagen må vera fast praksisbarnehage med 3 – årsavtale. Høgskulebarnehagen er knytta til ein fast heiltidsklasse der ein kan samarbeide om:

- Å utforme praksisoppgåver
- Førebu/delta på praksisetterarbeid
- Aktivitetar for studentar i barnehagen og aktivitetar for barna på Høgskulen
- Anna som Høgskulebarnehagen/Høgskulen etter avtale kan samarbeide om.

Høgskulen sitt bidrag til Høgskulebarnehagen:

- Kompensasjon kr. 10 000 pr år.
- Faglærarar på Høgskulen stiller seg til disposisjon for deltaking på personale/foreldremøter mm.
- Høgskulebarnehagen kan nytte kompetansen til HISF sitt bibliotek
- Høgskulebarnehagen kan bruke/låne rom og utstyr av Høgskulen
- Tilsette i Høgskulebarnehagen kan delta på kurs/undervisning på Høgskulen
- Høgskulen tilbyr ei fagsamling på kveldstid for heile personale
- Anna som Høgskulebarnehagen/Høgskulen etter avtale kan samarbeide om»

Det var totalt seks barnehagar som søkte om å bli høgskulebarnehage. Dei som fekk tilbod om å vere høgskulebarnehagar representerer tre regionar i fylket denne gongen, i motsetnad til den eine regionen som vart nytta første gongen.

Kriterium for tildeling:

- Må vere fast praksisbarnehage med 3. års avtale
- Må ha god rettleiingskompetanse i barnehagen
- Må ha leiingskompetanse hjå styrar og elles
- Den formelle kompetansen elles i barnehage blir vurdert
- Tal praksislærarar
- Tal studentar barnehagen tek imot gjennom året
- Geografi

Høgskulebarnehagar 2016 – 2018 er: Tonning barnehage med 4 basar, kommunal barnehage i Stryn kommune i Nordfjord. Torvmyrane kommunale skule og barnehage med 5 avdelingar i Flora kommune i Sunnfjord og Stedje barnehage med 4 avdelingar i Sogndal i Sogn som også var høgskulebarnehage i førre periode.

Når det gjeld planane om samarbeid med høgskulebarnehagane og Høgskulen på Vestlandet (HVL) framover, kan følgjande nemnast:

- Arbeid med nye vurderingskriterium, der målet er å ha nye vurderingskriterium for praksis klare til studieåret 2017/2018. Dei nye kriteria vil vere drøftingstema på praksissemnara og vil verte prøvde ut som pilotprosjekt i høgskulebarnehagane. Dei nye kriteria har vore drøftingstema på praksissemnara i 2. klasse og 3. klasse og vert prøvde ut som pilotprosjekt studieåret 2016/2017. Høgskulebarnehagane inngår her aktivt i drøftingar knytt til dei nye kriteria. Vidare vil også kriteria knytt til 1.klasse verte arbeidd meir konkret med.
- Høgskulebarnehagane vil få ein bokpakke med pensum - litteratur frå HVL
- Dei to høgskulebarnehagane som ligg geografisk langt frå Sogndal, vil arrangere planleggingsdag på HVL i Sogndal i oktober 2017
- Samarbeide om å vidareutvikle praksisoppgåvene med eige drøftingsmøte på HVL Sogndal i april 2017.
- Representantar frå høgskulebarnehagane skal delta i undervisninga innanfor leiing og tverrfaglege tema som er under utvikling og i samarbeid med faglærar i SRLE og LSU
- Fagtilsette skal besøkje høgskulebarnehagane



- Høgskulebarnehagane skal trekkjast aktivt inn i arbeidet med å utvikle ny felles programplan for barnehagelærerutdanninga i HVL.

## 7.2 Rettleiingskompetansen i barnehagelærerutdanninga ved HiSF

Institutt for barnehagelærerutdanninga v/HiSF har arbeidd aktivt for å auke den formelle rettleiingskompetansen for praksislærarane i barnehagelærerutdanninga. HiSF har arrangert *Rettleiing og mentorutdanning*, modul 1- 15 studiepoeng, kvart haustsemester og modul 2 - 15 studiepoeng om lag annakvart år i vårsemesteret. For å stimulere flest mogeleg av praksislærarane til å ta denne viktige vidareutdanninga, har praksisbarnehagane fått dekkja reise- og bu-utgifter til samlingane for deltakarane i modul 1 og inntil kr. 5000 for pr. deltakar på modul 2.

Resultatet av denne satsinga er at pr. august 2016 har 78% av praksislærarane med 1 og 3 års avtalar 15 eller 30 studiepoeng i rettleiing. Dei fleste styrarane har 30 studiepoeng leiarutdanning.

## 8. Oppsummering

Denne rapporten viser at med ei løyving på kr 1 500 000 frå UDIR, så har HiSF i samarbeid med regionane i Sogn og Fjordane på ulike måtar stimulert *Utviklinga av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*, slik målet for prosjektet var. I nært samarbeid med dei ulike deltakarane, har det vorte sett i gang nye viktige tiltak og samstundes har prosjektmidlane gitt mulegheit til å vidareutvikle eksisterande tiltak slik at dei har vorte meir retta mot målsettinga om å bli ein lærande organisasjon.

Fagleg ansvarleg for prosjektet, Aud Marie Stundal, vil med dette rette ei stor takk til alle som på ulikt vis har vore med og teke eit stort ansvar for alle tiltaka som vart sette i verk. Ei spesiell takk til prosjektmedarbeidar Kari Marie Navarsete. Ho har hatt eit særleg ansvar for samarbeidet med Sogn regionråd og arbeidet med utvikling av ordninga med høgskulebarnehagar. Takk for stor og samvitsfull arbeidsinnsats og for engasjement og vilje til å gjennomføre prosjektet.

Sogndal 8.02.2017

HiSF/HVL

Aud Marie Stundal

Prosjektleder





## Organisering og prosedyre for fagnettverka i barnehagane i Sogn

### Organisering og eigarskap

Dei åtte kommunane i region Sogn samarbeidar om barnehage- og skuleutvikling gjennom programmet "System for styrka læring". Programmet går i perioden 2013 – 2021. Programmet vert leia av eit programstyre. Der deltek ordførar, rådmann, kommunalsjef, rektor, styrar og tillitsvald frå Utdanningsforbundet, programleiar og dagleg leiar i Sogn regionråd. I tillegg til dei kommunale aktørane har vi også med oss Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, stiftinga Ungt Entreprenørskap og Statped Vest. Programleiar er tilsett i 100% stilling.

Ei *arbeidsgruppe* med programleiar og tre styrarar/ barnehageeigarar planlegg utviklingstiltak i regionen. Ein av representantane i arbeidsgruppa deltek i programstyret. Leiar av styrarnettverket er ein av dei fire i denne arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa legg fram saker og orienterer kommunalsjefane i barnehage- og skuleregion Sogn og styrarnettverket.

*Styrarnettverket* er nettverket for styrarane i dei 42 kommunale og private barnehagane i region Sogn. Det er eit nettverk for erfaringsutveksling, fagleg oppdatering og koordinering av lokale og regionale tiltak. Styrarnettverket er ansvarlege for fagnettverka i barnehagane.

*Fagnettverk* er ein arbeidsmetode for kvalitetsutvikling av barnehagesektoren. I tillegg til styrarnettverket har vi sju nettverk, eitt for kvart fagområda i rammeplanen. To kommunar delar ansvaret for eitt nettverk, medan dei seks andre har ansvaret for kvart sitt nettverk. I kvar kommune er det ei arbeidsgruppe med *nettverksansvarlege* på to - tre tilsette som koordinerer nettverka. Dei nettverksansvarlege er pådrivarar og har hovudansvaret for opplegg og framdrift i "sitt" nettverk. Dei har tett dialog med styrarane i kommunen om drift og utvikling av nettverket.

Det skal vere eit nært samarbeid og samvirke mellom fagnettverka i region Sogn og fagtilsette og studentar på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Både tilsette i barnehagelærerutdanninga og barnehagelærarstudentane blir kopla direkte mot fagnettverka og deltek på samlingane. Då kan vi bruke og utnytte sterkare kompetansen hjå kvarandre.

Kvart nettverk har om lag 25 medlemmar. Intensjonen er at deltakarane i fagnettverket er med i fleire år, slik at vi får kontinuitet i nettverket og kunnskapsspreiing til alle barnehagane.

Deltakarane i nettverka er assistentar, barne- og ungdomsarbeidarar, barnehagelærarar, styrarar og studentar og fagtilsette på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Alle deltakarane er likeverdige partar og jobbar for felles utvikling av barnehagesektoren. Kvart nettverk har to samlingar i barnehageåret etter ein oppsett plan. Styrarnettverket lagar medio juni ein plan for komande år. På "vanlege" nettverksmøte i regionen dekkjer barnehagane/ kommunane sjølve kostnadene til transport og servering. På studieturar og ekskursjonar ut av regionen/ fylket dekkjer Sogn regionråd kostnadene.

Vi har ei eiga læringsplattform på nettet der dei nettverksansvarlege legg ut informasjon, invitasjon, dokument, metodar og verktøy. Det er viktig at vi i størst mogleg grad bruker nettet som felles kommunikasjonsarena. Sjå <http://fagnettverk.wikispaces.com/Heim>

## Prosedyre for dei nettverksansvarlege

1. Planlegg nettverkssamling på bakgrunn av
  - a. Måla i rammeplanen.
  - b. Ynskjer, behov og tiltak som barnehageeigar og styrarane fremjar.
  - c. Oppsummering på slutten av dagen på sist samling: Kva ynskjer deltakarane sjølve? Er det framlegg til tema, problemstillingar, metodar, ekskursjonar, førelesarar osb?
  - d. Fordel gjerne tida på nettverket mellom fagleg påfyll, erfaringsdeling, samarbeidsoppgåver, planlegging av prosjekt/ tiltak, ekskursjon, eigenaktivitet.
2. Program/ innhald
  - a. I god tid før den planlagde samlinga er det lurt å leggje fram invitasjon på nettsida. Be om innspel frå medlemmane i nettverket. Gjer klart kva dei skal førebu seg på til neste samling.
  - b. Det er alltid lurt at alle deltakarane er skriftleg førebudde til samlinga. Mellomliggjande arbeid aukar kvaliteten, aktiviteten og eigarskapet i nettverket.
3. Diskuter gjerne med styrarar og kollegaene på arbeidsplassen
  - a. Kva rører seg i fagfeltet?
  - b. Kva vil vera viktig å leggje vekt på?
  - c. Kva bør innhald på samlinga vera?
  - d. Kva ser dei som viktige element på samlinga?
  - e. Kjenner dei til nye føringar, utfordringar, endringar i lovverk, læreplan osb?
4. Gjer avtale med førelesar(ar)
  - a. Forhandl/ avtal med førelesar om honorar.
  - b. Når vi leigar inn fagfolk frå barnehagane er løna etter timesats vanleg løn x3.
  - c. Dersom kostnaden er svært stor, må ein avtala ramme med programleiar.
5. Gjer avtale om lokale for samlinga
  - a. Avklar i god tid lokale før samlinga.
  - b. Ved bruk av hotell skriv prisen for dagpakke/ servering på programmet.
  - c. Be om at rekning vert sendt direkte til barnehagane som deltek.

- d. Andre samlingsstader – set prisen for serveringa i programmet. Gjer merksam på at den enkelte deltakar må gjera opp for seg.
6. Planlegg organiseringa av dagen
    - a. Utstyr, instrument, lyd, lys, pc, tilgang til internett, flipp-over, tavle osv. b. Oppsett i rom.
    - c. Økter i plenum, gruppeoppgåver, individuelle – kollektive arbeidsøkter.
    - d. Eigenaktivitet for deltakarane, stykke opp dagen.
    - e. Kopier opp deltakarlistar slik at du lett kan laga grupper etter behov.
    - f. Eventuelt lag framlegg til grupper på førehand.
  7. Ver ute i god tid
    - a. Dersom du skal ha føredragshaldar, gjer avtale tidleg.
    - b. Ved erfaringsutveksling: formuler tidleg spørsmål til diskusjon og drøfting.
    - c. Ting konferanse-/kurslokale i god tid.
    - d. SSend program til konferansestaden i god tid, slik at dei kan førebu kaffi/lunsj/ servering til riktig tid.
  8. Planlegg evalueringa av samlinga
    - a. Lag evalueringsskjema og set av siste kvarteret av samlinga til oppsummering og utfylling av skjema.
    - b. Kva var bra, kva kan gjerast betre til neste gong?
    - c. Gjer gjerne avtale eller legg føringar på kva mellomliggjande arbeid som skal gjennomførast til neste samling.
    - d. Kva og korleis kan ein vidareformidla til kollegane i barnehagen/ kommunen?

#### 9. Rekningar

Ved studieturar/ ekskursionar skal faktura for hovudkostnadene til regionrådet.

Rekningar på fellesutgifter som førelesar, transport og servering til førelesar skal sendast til programleiar Claus Røynesdal: Sogn regionråd, Postboks 153, 6851 Sogndal, eller [claus.roynesdal@sogndal.kommune.no](mailto:claus.roynesdal@sogndal.kommune.no)

Faktura/ rekninga skal merkast med: Namn på nettverket og namn på nettverksansvarlege.

Ta kontakt med programleiar Claus Røynesdal, tlf 95 47 20 49 dersom det er spørsmål.

Lukke til med fagnettverka!



## Kompetanseutvikling for assistentar i barnehage – KOMPASS

### Norsk namn

Kompetanseutvikling for assistentar i barnehage – KOMPASS

### Engelsk namn

Training for Assistants in Kindergarten

### Undervisningsspråk

norsk

### Studiepoeng

15

**Normert studietid** 1 år samlingsbasert deltid

### Innleiing

Studiet er eitt av fleire kompetansehevingstiltak for barnehagen og del av Kunnskapsdepartementet sitt program "Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007-2011). Målet er å auke kvaliteten i barnehagen gjennom å auke kompetansen hos dei vaksne som arbeider der. Studiet er eit læringsprogram med vekt på erfaringsbasert læring og arbeidsplassen som læringsarena, som skal ha både eit barnehagefagleg og eit fleirkulturelt perspektiv.

Studiet vert tilbydd av HSF i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og praksisfeltet. Studiet er i regi av HSFoppdrag.

**Stad** Desentralisert

### Læringsutbytte

Etter fullført emne har studenten

- grunnleggjande kunnskap om barns utvikling og læring
- utvikla refleksjonsevne og kritisk tenking i høve til arbeid med barn
- bevisstheit omkring språkleg og kulturelt mangfald og integrering i barnehagen
- kjennskap til barnehagens formål og læreplanar
- innsikt i eiga rolle som aktiv vaksen i forhold til barns læreprosessar
- kunnskapar, ferdigheiter og haldningar som kan leggje grunnlag for personleg vekst og fagleg utvikling i høve til arbeid som assistent barnehage.

## Målgruppe

Assistentar med arbeid i barnehage og skule/SFO.

## Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Dei som ikkje har studierett, eller ikkje ynskjer å ta eit studium, kan ta studiet som eit etterutdanningskurs, som vert dokumentert i eit kursbevis

## Innhald / oppbygging

Læringsarbeidet i assistentutdanninga skjer på tre arenaer:

- Praksisfeltet som læringsarena
- Fagstudiet som læringsarena
- Samhandling, utforsking og refleksjon som læringsarena

Utdanninga skal vere praksisretta, og med det forstår vi at:

- Lov om barnehagen og Rammeplan for barnehagen er ein integrert del i utdanninga
- Utdanninga samhandlar nært med arbeidsplassen og studiet byggjer på erfaringar frå barnehagefeltet
- Utvikling av refleksjonskompetanse og evne til å vere i endring blir vektlagt

Tema som vert tatt opp i undervisinga:

Tema: Eg i møte med barnet og barnegruppa

- Syn på barn og barndom
- Barn i alderen 0-3 år
- Leik og læring
- Utvikling av språk og identitet
- Omsorg og danning
- Relasjonar og vennskap mellom barn
- Mangfald og inkludering i barnehagen

Tema: Barnehagen

- Barnehagen som læringsmiljø og dannelsingsarena for barn
- Barnehagen som fleirkulturell møtestad

Tema: Eg i møte med vaksne i barnehagen

- Vaksenrolla
- Kommunikasjon og samspel
- Samarbeid i personalgruppa
- Samarbeid med føresette

## Undervisnings- og læringsformer

Undervisninga i emnet er organisert over to semester og har ulike arbeidsformer:

- Fem samlingar à to dagar
- Rettleing på arbeidsplassen
- Lokale grupper/individuellt studium
- Skriftlege arbeid mellom samlingane - sjå avsnittet "arbeidskrav"

På samlingane nyttast det varierte arbeidsmåtar, som omfattar førelesingar, gruppearbeid, praksisforteljingar, rollespel og refleksjonsoppgåver. Undervisning er knytt til utføring av dagleg



arbeid på arbeidsplassen. Deltakarane fylgjer undervisninga på samlingane, og arbeider med oppgåver relatert til arbeidssituasjonen i barnehagen.

### **Arbeidskrav**

- Fire skriftlege oppgåver; ei til kvar samling (utanom første samling). To av oppgåvene er individuelle, to er gruppeoppgåver.
- Undervisning på samlingane er obligatorisk

Alle arbeidskrav må vere godkjent for å få gå opp til eksamen.

### **Sluttvurdering**

PE3-101 Munnleg individuell eksamen.

Eksamen vert vurdert til "Greidd" eller "Ikkje greidd".

### **Pensum**

Madland, annlaug (2008): smått og stort - en bok om arbeidet i barnehagen, gyldendal  
Skram, dag (2007): leik og læring i samspel - pedagogisk arbeid i barnehage og småskule, det norske samlaget  
Kunnskapsdep. (rev.2011): rammeplanen for arbeidet i og oppgåvene til barnehagen  
Fennefoss & Jansen (2008): småbarspedagogikk og praksisfortellinger, fagbokforlaget  
Fønnebø, Bente & jernberg, Unni (2008): barnehagens rammeplan i praksis - mange veier til dokumentasjon og kunnskap, cappelen akademiske forlag

**Avdeling** Avdeling for lærarutdanning og idrett

**Institutt** Institutt for barnehagelærarutdanning

**Godkjent av**

Dekan ALI

**Godkjent dato**

01.11.2011

**Sist revidert av**

Instituttleiar

**Sist revidert dato**

01.03.2013

---



## Rettleiing og mentorutdanning

### Norsk namn

Rettleiing og mentorutdanning

### Studiepoeng

15

**Normert studietid** 1 år samlingsbasert deltid

### Innleiing

Stortingsmeldingane nr. 11 (2008-2009) Læreren. Rollen og utdanningen og nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen presiserer behovet for auka rettleiingskompetanse ved at alle nyutdanna lærarar og førskolelærarar i grunnskule, vidaregåande opplæring og barnehage skal få tilbod om rettleiing. Vidare skal kvaliteten i utdanningane si praksisopplæring styrkast mellom anna ved å gi alle praksislærarane opplæring i rettleiing.

**Studiestad** Desentralisert

**Studiet er delvis nettbasert**

### Læringsutbytte

Studenten skal ha kunnskap om:

- nyare teoretiske tilnærmingar til rettleiingsfeltet
- etiske dilemma og maktforhold i rettleiingssituasjonar
- korleis rettleiing kan nyttast som ein viktig del av lærarrolla og i kompetanseutviklingsarbeid i skule og barnehage
- korleis dei kan inkludere nyutdanna i eit kritisk, reflekterande fellesskap i barnehage og skule
- ha kunnskap om eit breitt repertoar av tilnærmingar til rettleiingsfeltet

Studenten skal:

- vere i stand til å nytte rettleiing gjennom reflekterande prosessar individuelt og i gruppe
- vere i stand til å planleggje, grunngje, gjennomføre og evaluere rettleiingsarbeid
- meistre kommunikasjon på ulike nivå

Generelt skal studenten:

- kunne analysere og problematisere eigen og andre sin praksis som rettleiar
- kunne bruke kunnskap og røynsle i samhandling og kommunikasjon som bidreg til oppleving av meistring og handleevne

**Kompetanse / formell grad** Vidareutdanning for lærarar

## Målgruppe

Målgruppa for studiet er førskulelærarar og lærarar som skal vere mentorar for nyutdanna kollegaer og praksislærarar i skule og barnehage.

## Opptakskrav

Førskulelærer- eller lærarutdanning. Søkjarane må i tillegg vere i arbeid som førskulelærer, grunnskulelærer eller lærar i vidaregåande opplæring. Opptak føreset minimum tre års erfaring frå arbeid i skule eller barnehage.

## Innhald / oppbygging

- ulike strategiar, teoriar og metodar for rettleiing retta mot kompetanseutvikling som profesjonsutøvar
- kommunikasjon i teori og praksis
- dilemma knytt til etikk, autoritet og makt
- kritisk tenking som dannelsesideal
- rettleiing i eit didaktisk og organisatorisk perspektiv
- refleksjon og kritisk analyse i rettleiing knytt til eigen rettleiarrolle og rettleiinga sitt innhald

## Undervisnings- og læringsformer

Studiet vektlegg studentaktive læringsformer og studentane må rekne med høg deltakaraktivitet. Bruk og vidareutvikling av dei ressursane som ligg i studentane si yrkeserfaring og kunnskapar er viktige for å skape eit godt læringsmiljø. Studentane vert organiserte i lokale nettverksgrupper som rettleiar kvarandre og drøftar faglege tema. Her inngår skriftlege rapporteringar frå arbeidet som ein viktig læringsstrategi. Studiet rettar seg mot rettleiing på individ- og gruppenivå i skule og barnehage. Samlingane på høgskulen inneheld varierte arbeidsformer, som førelesning, øvingar på rettleiing i grupper, obligatorisk studentframlegg og plenumsdiskusjonar. Mellom samlingane vil det vere rettleiingsarbeid på arbeidsplassen og i lokale nettverksgrupper. Studentane vil få rettleiing og tilbakemelding på eiga rettleiing på heildagssamlingane.

Studiet er knytt til studentane sine oppgåver som rettleiarar for nyutdanna kollegaer eller studentar. Rettleiinga går hovudsakeleg føre seg på studentane sin arbeidsplass og i nettverksgruppene.

## Arbeidskrav

- obligatorisk deltaking på samlingane
- obligatorisk gjennomføring av fem rettleiingsøker
- obligatorisk deltaking i minst 4 samlingar i nettverksgruppene
- innlevering av dokumentasjon i form av mindre fagtekstar frå tre rettleiingsøker på arbeidsplass og i nettverksgruppene med vekt på utvikling av eigen rettleiarkompetanse. Fagtekstane skal vere leverte og godkjende før oppmelding til eksamen.
- obligatorisk framlegg av ein av fagtekstane

## Sluttvurdering

PE364 Skriftleg individuell oppgåve knytt til rettleiingspraksis og utvikling av eiga rettleiarrolle på minimum 2500 ord, maksimum 3000 ord. Eksamen vert vurdert etter ein gradert karakterskala frå A til F, der F er ikkje-godkjent.

Oppgåva vil bli vurdert ut frå om studenten kan:

- drøfte pedagogisk rettleiing ut frå relevant faglitteratur og pensum
- analysere og problematisere eiga rettleiarrolle og vurdere eige rettleiingsarbeid
- dokumentere kompetanseutvikling gjennom eige rettleiingsarbeid

## Pensum

Pensum inneheld om lag 1000 sider.

### Bøker

- Boge, M., Markhus, G., Moe, R. og Ødegaard, E. E. (2009):Læring gjennom veiledning.Meningsskaping i grupper.2. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget.(139 sider).
- Brekke, M. og Søndena, K. (red.)(2009):Veiledningskvalitet, Oslo: Universitetsforlaget (ikkje kapittel 1) (177 s).
- Karlsen, T. J. (red.) (2011):Veiledning under nye vilkår.Skapende prosesser i møtet mellom veileder og veisøker.(kap. 1,2, 3 og 8).(60 sider).
- Nilssen, V. (2010):Praksislæreren.Oslo: Universitetsforlaget. (171 sider).
- Ohnstad, F. O. (2010):Profesjonsetikk i skolen. Oslo: Høyskoleforlaget ( kap 1, 2 og 3, 74 s)
- Smith, K., Ulvik, M. og Helleve, I. (2013):Førstereisen. Lærdom hentet frå nye læreres fortellinger.Oslo:Gyldendal Akademisk. (kapittel 1-5 og 12-14). (110 sider).
- Smith, K. og Ulvik, M. (red)(2010):Veiledning av nye lærere.Oslo: Universitetsforlaget (ikkje kap 4, 7, 8 og 10) (106 s)
- Søndena, K. (2004):Kraftfull refleksjon i lærarutdanninga. Oslo: Abstrakt forlag (139 s).

### Artiklar (om lag 170 sider)

- Bjerkholt, E., Eik, L.T. og Ødegård, E. (2008): Kompetansebygging i heterogene veiledningsgrupper.I Hoel, T. L., Hanssen, B., Jakhelln, R. og Østrem, S. (red.):Det store spranget. Ny som lærer i skole og barnehage.Trondheim: Tapir Akademiske Forlag
- Helle, L. (2006):Rom for handling,Oslo: Universitetsforlaget 3. utgåve. Kap. 6. Ufred i den fortapte verden – om veiledning mellom kolleger
- Karlsen, T. J. (2007): Opplevelsen av å bli sett i veiledning. INår starten er god. En artikkelsamling om veiledning av nyutdannede lærere i barnehagen, grunnskolen og videregående opplæring. Oslo: Utdanningsdirektoratet
- Mathisen, K. (2007): Nyutdannede lærere som en ressurs i skolen? I Utdanningsdirektoratet:Når starten er god.En artikkelsamling om veiledning av nyutdannede lærere i barnehagen, grunnskolen og videregående opplæring. Oslo: Utdanningsdirektoratet. Artikkelen finn du på: <http://skolenettet.no/kompetanseutvikling>
- Steinnes, G. S. (2010): Frå utdanning til yrke. Førskulelæreren som profesjonell aktør? I Hoel, T. L., Engvik, G. og Hanssen, B. (red.):Ny som lærer – sjansespill og samspill. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag (16 s).

Tilrådd startlitteratur:Boge, M (m.fl.) (2009):Læring gjennom veiledning. Meningsskaping i grupper.2. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget (139 sider).

Nilssen, V. (2010):Praksislæreren.Oslo: Universitetsforlaget.(171 sider).

**Avdeling** Avdeling for lærarutdanning og idrett

**Institutt** Institutt for barnehagelærarutdanning

**Godkjent av**

Dekan ALI

**Godkjent dato**

01.06.2013

**Sist revidert av** Instituttleiar 12.09.2013

---



Til arbeidsgjevar for fagbrev-elevar (styrar/rektor)

## **Tilbod om opplæring til mentor for dei som går på fagbrevopplæring i barne- og ungdomsarbeidarfaget i Florø og Dale**

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) har i samarbeid med Fylkesmannen, Fylkeskommunen, KS og Utdanningsforbundet, fått tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet til å gjennomføre prosjektet *Utvikling av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar*. Prosjektet tek utgangspunkt i Kunnskaps-departementet sin strategiplan «Kompetanse for fremtidens barnehage – strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020». Strategiplanen og såleis også HiSF sitt prosjekt, er tydeleg på at satsinga skal gjelde alle yrkesgruppene i barnehagen.

Ei av satsingane er å få fleire assistentar til å ta fagbrev. HiSF skreiv i søknaden «Vi ynskjer å inkludere satsinga på å få fleire vaksne assistentar til å ta fagbrev inn i dette pilotprosjektet. Vi trur at ei samla satsing på kompetanseheving for assistentar, vil kunne fungere motiverande for desse vaksne assistentane. Her er det heilt avgjerande korleis arbeidsgjevar greier å leggje til rette og kva støtte desse assistentane får frå pedagogisk leiar og styrar i barnehagen».

Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som har ansvar for og tilbyr sjølve kursopplæringa for fagbrevelevane som no går på Flora og Dale vidaregåande skule. Det høgskulen ynskjer å utvikle, saman med dykk som arbeidsgjevarar, er ei ordning der fagbrev-eleven får oppnemnt ein mentor på arbeidsplassen som, på ulikt vis, kan støtte fagbrev-eleven. Målsettinga med mentor-ordninga er at fagbreveleven skal greie å fullføre fagbrev-prøven. Me tenkjer at for å lukkast med prøven er det viktig at eleven føler at han/ho har støtte frå arbeidsgjevar og at det å få oppnemnt ein mentor kan gje den nødvendige motivasjonen, støtta og trua på at «dette kan eg klare». For dei barnehagane/skulane som har fleire fagbrevs-elevar, vil det truleg vere greitt at same mentor har ansvar for 2-3 fagbrevelevar. Her er det styrar/rektor som må ta endeleg avgjer om kva ein kan få til på den enkelte arbeidsplass.

Det er sjølvsgt du som styrar/rektor som bestemmer om de vil vere med på dette prosjektet og det er og du som må velje kven som er aktuell som mentor. Me i prosjektleiinga har drøfta og ynskjer at det i det samla mentorkorpset (alle mentorane for alle fagbrevelevane), skal vere fagarbeidarar som sjølve har teke fagbrev. Me trur at ein som sjølv har teke fagbrev, vil vere ekstra godt skikka til å hjelpe den som no er midt i denne utdanninga og som kjenner på ulike utfordringar med å greie å ta fagprøven. Viss de ikkje har ein fagarbeidar eller av ulike grunnar ikkje kan bruke ein fagarbeidar som mentor, så er det truleg best at det er pedagogisk leiar /pedagog/ lærar eller styrar som går inn som mentor.

HiSF kan tilby:

- Eit kortkurs på 3 timar om det å vere mentor. Kurset vert lagt til vidaregåande skule i Florø onsdag 11. mars kl. 17.00 – 20.00 og i Dale torsdag 12.mars kl.17.00 – 20.00. Dette er tidspunkt der fagbrevelevane har undervisning og kurset er avtalt med faglærer Anne Lise Hopen, som og vil vera tilstades på kurset som HiSF gjennomfører. Målgruppa er fagbrevelevane og mentorane saman. Styrar/rektor må gjerne møte, om det er mogeleg.
- Ei generell godtgjering på kr. 3500.- til barnehagen/skulen der styrar/rektor disponere midlane. Dersom ein arbeidsplass har to fagbrevelevar er godtgjeringa kr. 5000.- ved tre eller fleire fagbrevelevar på same arbeidsplass, er godtgjeringa 8000.-
- Oppfølging/rettleiing/svar på spørsmål frå mentor. Denne kan gjevast pr. mail og pr. tlf.

Arbeidsplassen må ordne:

- Kven som skal vere mentor og melde namnet til HiSF: [kari.marie.navarsete@hisf.no](mailto:kari.marie.navarsete@hisf.no)
- Sikre at mentor og fagbrev-elev kan delta på mentoropplæringa: i Florø onsdag 11. mars kl. 17.00 – 20.00 og i Dale torsdag 12.mars kl.17.00 – 20.00.
- Avklare kva godtgjering mentor skal ha.
- At det, så godt som mogeleg, vert lagt til rette for at mentor og fagbrevelev får tid til samtale/rettleiing

Framdrift:

- Tilbakemelding frå arbeidsgjevar til HiSF om kven som skal vere mentor innan måndag 16. februar. Fint om også de som ikkje greier å leggje til rette for mentorordning på arbeidsplassen dykkar, melder det til HiSF.
- HiSF møter alle fagbrevelevane i undervisninga deira i Florø den 11. mars og i Dale den 12. mars – for å informere dei om prosjektet. Her vert det lagt ekstra vekt på kva som er Fylkeskommunen sitt ansvar (fagbrevopplæringa m/eksamen) og kva som er høgskulen sitt tilbod (mentorstøtte saman med arbeidsgjevar for dei arbeidsplassane som får dette til).
- Tilbod om mentorkurs på vidaregåande skule i Florø 11. mars og i Dale 12. mars.
- HiSF følgjer opp med dokumentasjon av erfaringane og lagar ein rapport til Utdanningsdirektoratet.

Sogndal 5.februar 2015

Aud Marie Stundal

- instituttleder -

Kari Marie Navarsete

- prosjektmedarbeidar –



## Fou- prosjektet 2014/2015

### Kollegarettleiing som verktøy i barnehagen som lærande organisasjon

**Bakgrunn:** HiSF er av Utdanningsdirektoratet tildelt eit oppdrag knytt til utvikling av barnehagen som lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar. Dette er eit svært viktig prosjekt med tanke på å heva kompetansen på dei fagtilsette i barnehagen, viktig både med tanke på rettleiing av nyutdanna, rettleiing generelt og leiing i barnehagen. I vårt prosjektet ønskjer vi å skape møtearenaer der den samla rettleiingskompetansen vert ramma inn, utfordra og omsett i høve den individuelle og kollektive læringa i barnehagen. Gjennom dialog med styrar og aktuelle rettleiarar i barnehagane vil vi utvikle mål, innhald og tilnærming til rettleiinga. Det er viktig at barnehagen sjølv vel kven som skal delta, men vi ser føre oss ei form for kollegarettleiing som anten vert teke opp på video eller observert av oss. Dette vil skape grunnlag for utvikling i barnehagen, og på same tid tilføre oss datamateriale til forskning på rettleiing og læring. Vi har som ambisjon å gjennomføre jamlege rettleiingsøktar ute i barnehagar i 2014 med etterfølgjande refleksjonsøktar. Vi vil bruke desse opptaka, observasjonane og refleksjonsøktene til å analysere rettleiing og sjå på korleis rettleiing kan brukast som verktøy i ein lærande organisasjon

#### Mål/Visjon:

- 1) Pedagogar tek i bruk kollegarettleiing som verktøy i barnehagen som lærande organisasjon – vere kritisk reflekterande til gjeldande praksis i barnehagen.
- 2) HiSF får eit blikk på kva tema og utfordringar pedagogane tek med seg til felles refleksjonsøktar/samtalar i prosessen med å implementere kollegarettleiing som verktøy i barnehagen.

#### Premiss:

- 1) Barnehagen: Utvikling av kollegarettleiing i barnehagen, kompetanseheving for fagpersonar
- 2) HiSF: Forsking på rettleiing for vidare utvikling og undervisning i rettleiing
- 3) Barnehagen skal styre val undervegs

#### Innhald:

- 1) Pedagogar får rettleiing på si kollegarettleiing i barnehagen – møtepunkt med felles refleksjonar
- 2) HiSF får datamateriale (video av pedagogar si rettleiing) til å forske på rettleiing – til å finne suksesskriterie/barrierar for implementering av kollegarettleiing i barnehagen - utvikle mål, innhald og tilnærming til rettleiing

#### Prosess:

- Styrar og barnehagen vel ut kven som skal delta i kollegarettleiinga og refleksjonsøktene
- HiSF legg til rette for to møtepunkt/rettleiingar haust 2014 og tre vår 2015 (lydopptak)
- Barnehagen legg opp til kollegarettleiing med videoopptak mellom HiSF sine rettleingar
- Involverte pedagogar noterer ned logg etter rettleiingsøktene